



Fiskar Ørjan Mo utanfor Uskedalen i 2011 med leppefisk som et lakselus (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Det er grunn til uro over det store lusetrykket i hele Hardangerfjordsystemet som har auka i midtre delar av fjorden og har vorte målt i Ålvik og Rosendal. Det er funne dødlighet på sjøare grunna lakselus på heile 87 prosent 'i Rosendal, 40 prosent i Ålvik og 74 prosent i Etne og det er rekordtal i høve til tidlegare registrerte verdiar og gir grunn til fortsatt stor uro for sjøaren i vasssdraga.**



Rømt laks med luseplage (Foto: Reimers)

Desse opplysningane kjem fram i høyringssvaret frå Hardanger Villfisklag til Fiskeri og kystdepartementet om framlegget til forskrift om nytt forvaltingsregime i fjorden. Dette arbeidet anser villfisklaget som svært viktig.

Særlege utfordringar knytt til

'sameksistens mellom villfisk og ei aukande akvakulturnæring set denne fjorden i ei miljømessig særstilling, Det er viktig å få på plass ei Hardangerfjordforskrift som er i samsvar med Regjeringa sine mål for ei bærekraftig havbruksnæring miljømessig sett. Det bør bli eit nasjonalt pilotprosjekt i Hardanger.

Det mest effektive vil vera ein kraftig reduksjon i produksjonsvolumet inntil ein meir miljørett teknologi er på plass. Villfisklaget meiner at ei vidareføring av dagens produksjonsnivå på 50 000 tonn ikkje vil kunne bidra til å nå måla i bærekraftstrategien.

I 2008 var volumet 48 000 og gav grunnlag for frysevedtaket året etter. Det vart då gjeve uttrykk for at fjorden var i ein økologisk krisesituasjon. Villfisklaget registrerer 'diverre at næringa innanfor dette regimet har hatt høve til å forskuttere effekten av pålagte miljøforbedringstiltak'.

Paradoksalt nok har dagens regime med 50 000 tonn gjeve rom for ein enorm produksjonsauke, noko som neppe var hensikten, påpeikar villfisklaget. Det minnar om at eit utval (Gullestad) gjekk imot nye tillatelsar eller utviding av allerede gjevne tillatelsar.

Laget kjem også inn på det store innslaget av rømt oppdrettslaks i vaassdraga.

Av Ola Matti Mathisen



[Per O. Bruvold frå Bergen har teke mange bilete av lus-skada fisk i Uskedalselva](#)